

Fra: Atle Utkilen <atle@adu.no>
Sendt: 14. august 2014 10:32
Til: Knut Bjørnevoll
Kopi: Postmottak Lindås; Arne Helgesen
Emne: Re: SV: Vedk søknad om løyve - gbnr 202/3 Hjelmås
Vedlegg: 2011225_soknad-ansvarsrett_gjennomforingsplan_revA.pdf; 2011225_infotegninger_oversikt.pdf; tverrprofil_veg1_med_fortau.pdf; tverrprofil_veg1_uten_fortau.pdf; 2011225_gnr202_bnr3_info1_va_anlegg.pdf

Viktighet: Høy

Hei

Eg legg ved følgjande i denne omgang:

- Revidert søknad om ansvarsrett og gjennomføringsplan (inkluderer Veg- og VA-anlegg utførelse).
- Informasjonsteikningar med info om kva som er planlagt utført mv
- Tverrprofil av hovudveg
- Notat til VA-avdelingen med oversikt over kva dei har fått av underlag. (vi ettersender også dette til byggjesak med rett revisjon.)

Eg ser at det er lett å snakke forbi kvarandre i denne saka inkludert forståelse av definisjonar.

Vi har bruk FASE 1 og 2 om framdrift i arbeidet med infrastrukturen. Same definisjonen er brukt i utbyggingsavtalen men då knytt til tal bustader mv. I eit forsök på å vera tydeleg så har vårt ordbruk knytt til faser berre handla om kva som vert gjort av arbeid knytt til infrastruktur.

Søknaden som er sendt inn omhandlar ikkje enkelthus. Den omhandlar å prosjektera hovudanlegget og å utføra infrastrukturen i området slik at dei enkelte områda er klar når det er aktuelt å byggja. Søknad for dei enkelte husa vert sendt som eigne sjølvstendige søknadar etterkvart som dette er aktuelt.

I vedlagt infoteikning har vi vist omfang av kva som er starta opp og kva som er planlagt utført i første omgang knytt til infrastruktur.

Område Bk

Sjå vedlagt infoteikning. Kort fortalt ynskjer tiltakshavar å få masseutsifta området som er aktuelt for konsentert husbygging (BK). I denne omgang var det berre planlagt at vi fekk masseutsifta myra og grovplanert. Dette knytt til at tiltakshavar hadde tilgang på stein. Planlegging av området er klart og vi har lagt inn ein illustrasjon av korleis det vil sjå ut. I tillegg er det planlagt korleis VA-anlegget skal vera. Som sagt i denne omgang vert dette ikkje utført- det er berre massane som vert skifta ut og grovplanering av området. På hovudanlegget for VA vert det lagt ut stikk for tilkobling når ein går vidare.

Hovudveg inn i området

Sjå –vedlagt infoteikning. Denne vert bygd fram til om lag profil 380. Det var opprinnelag tenkt at vi skulle stoppa ved profil 260. På grunn av at BKK måtte henta straum frå høgspentlinja og settja opp ny trafo for å forsyna området, vart ein nøyd til å forlenga vegen.

Vi har sendt inn lengdeprofil tidlegare. Som vedlegg til denne eposten følgjer tverrprofil av vegen.

Vi har kopi av avtale med grunneigar knytt til bruk og justering av vegen inn i området. Sei frå dersom du ynskjer kopi.

VA-anlegg

Sjå vedlagt infoteikning.

Det ligg communal vassleidning og leidning for spillvatn i grensa til området. Vi har hatt møte med VA-avdelingen tidligare og også no og gått gjennom planane. I prinsipp er det berre vassleidning som er aktuell for kommunen å overta. Vi har gått gjennom trace og plassering av brannkumer. I opprinnelig godkjent reguleringsplan var det berre krav til ei kum. No legg vi inn minium 2 stk. Den ene kjem ved tilkoblingspunkt og etter ønske får VA-avdelingen. Leidingar og kummer vert utført iht VA-normen i Lindås kommune. Vi har vist på kart kor langt vi går i første omgang. Det vert etablert eigen pumpestasjon som pumpar spillvatn inn på det kommunale anlegget via ei sjølvfallsrum i tilkoblingspunktet.

VA-teikningar viser plan for området. I tillegg har vi lage ein kumplan for kvar området for å gjera det enklare/ meir oversiktleg. Vi vil også ha eige møte med VA-avdelingen for detaljavklaring/godkjenning av produkt som vert nytta. Då saman med rørleggjar som skal utføra arbeidet.

Handsaming av byggjesøknad

Denne saka har kome noko galt ut. Vi har starta opp i tiltru til at kommunen ikkje hadde nok merknad til at vi starta arbeid på staden. Arbeid som berre har handla om grovplanering, masseutskifting og justering av vegen. VA-anlegget var vi i gang med å avklara med VA-avdelingen i mai og vi har ikkje hatt noko plan om å utføra arbeid med dette utan godkjenning frå VA-avdelingen.

Vi vonar at kommunen ser at planane ein har jobba etter, er i samsvar med krav frå kommunen. Vi vonar at vi felles kan få rydda opp slik at arbeidet kan fortsetta utan at vi må sende entreprenør vekk frå staden. Vidare plan er å starte grøftearbeid knytt til hovudtrace ned til pumpestasjon. Dette arbeidet er entreprenør klar til å starte straks det ligg føre løye.

Vonar på rask og positiv tilbakemeldning. Vi stiller gjerne i møte for gjennomgang av saka. Sei også frå dersom det er noko som manglar for handsaming.

PS

Entreprenør er på staden. Slik vi har oppfatta tiltakshavar vert det utført arbeid på byggjetomten bnr 154 som har byggjeløye. I tillegg har ein gjort noko flytting av steinmassar for å sikra området betre.

Tiltakshavar har også opplyst at Apalen sør ønsker å få levert noko overskuddstein. Det vert derfor tømt noko stein i myrområdet. Utover dette er alt arbeid stansa på byggjeplassen.

Ds

Med vennlig hilsen

for

ADU Ingeniør Atle D Utkilen

Atle Utkilen

Tlf dir. 56168082

Mob- 970 67 161

Fra: Knut Bjørnevoll <KBJ@lindas.kommune.no>

Dato: mandag 11. august 2014 13.48

Til: Atle Utkilen <atle@adu.no>

Emne: SV: Vedk søknad om løyve - gbnr 202/3 Hjelmås

Hei igjen.

Meiner du at infrastruktur ikkje omfattar leidningsnettet i feltet?

Sjå pkt 1.2 i utbyggingsavtalen:

1.2 Definisjonar

Igangsetjingsløyve – *løyve til oppstart av arbeid der ansvarsrettar er godkjente av kommunen.*

Planområde – *Reguleringsplanområdet*

Delområde – *Feltområde definert på plankart og i føresegner.*

Byggetrinn – *Oppbygging av delfelt, isolert avslutta byggefase.*

Teknisk infrastruktur – *veg, vatn og avlaup, gong/ sykkelveg, el/ tele, og liknande.*

Grøn infrastruktur – *opparbeiding i friområdet: parkar, turvegar, leikeareal mm.*

Sosial infrastruktur – *skule, barnehage, sjukeheim el. tilsvarende tenester.*

Knut Bjørnevoll

Fra: Atle Utkilen [<mailto:atle@adu.no>]

Sendt: 11. august 2014 11:18

Til: Knut Bjørnevoll

Kopi: Siril Sylta

Emne: Re: Vedk søknad om løyve - gbnr 202/3 Hjelmås

Hei

No vert eg litt forvirra.

I utgangspunktet meinte vi at blankett 5175 ikke var aktuell. Basert på at vi fekk beskjed om å levera dette skjema, fylte vi det ut. Dersom ein les heile teksten vi har fylt ut, ser ein at v at søknaden berre omhandlar infrastrukturen.

Som opplyst vil kvar bustad verta omsøkt som eiga sak etterkvart som dette er aktuelt.

Det er infrastruktur for vegar og VA-anlegg vi har søkt om.

Vi har hatt møtte med VA-avdelingen seinast i forrige veke. Der vart vi enig om kva dei trond for å vurdera saka. Planen er at dei får alt underlaget i dag.

Med vennlig hilsen

for

ADU Ingeniør Atle D Utkilen

Atle Utkilen

Tlf dir. 56168082

Mob- 970 67 161

Fra: Knut Bjørnevoll <KBJ@lindas.kommune.no>

Dato: mandag 11. august 2014 11.01

Til: Atle Utkilen <atle@adu.no>

Kopi: Siril Sylta <Siril.Sylta@lindas.kommune.no>

Emne: Vedk søknad om løyve - gbnr 202/3 Hjelmås

ADU Ingeniør Atle Utkilen

Vedk søknad om løyve - gbnr 202/3 Hjelmås

Du skriv i blankett 5175:

«Bustadføremål – Denne søknaden omhandlar berre etablering av infrastrukturen i byggjefeltet. Etablere vegar, VA-anlegg og straum og tele – (område BK – område for konsentrert småhus vert tatt først).»

Men søknad om ansvarsrett for utføring omfattar ikkje alt dette. Enten må eittrinnssøknaden kompletterast med ansvarssøknad for VA-anlegg, eller så må søknaden endrast til rammesøknad med igangsettingsøknad for det som Nordhordland grunn- og betong skal utføra. Uansett må teknisk plan vera godkjent før det kan gjevast løyve, jf utbyggingsavtalen pkt 2.7 .

mvh



LINDÅS KOMMUNE

Knut bjørnevoll

Sakshandsamar byggesak

www.lindas.kommune.no

postmottak@lindas.kommune.no